

PROTOKOLL NR. : 03 13-15
FRÅ : Alpinkomiteen
STAD/DATO : Skei, Skei Hotell / 17. februar 2014.
TIL STADES : Lilly Schøyen, Atle Hamar, Martin Hopland, Rune Espe, Olaf Betten og Yngve Thorsen (adm.)
FORFALL :
MERKNADER : Ingen

SAKLISTE

Sak 13 13-15 Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15
Sak 14 13-15 Terminlista 2014
Sak 15 13-15 Handsaming av puljedelingar i samband med HL 2014 og LF 2014
Sak 16 13-15 Prinsipp ved tildeling av arrangement 2014-2015
Sak 17 13-15 Status markedsarbeid
Sak 18 13-15 Rekneskap pr. 31.12.2013

Eventuelt

Sak 13 13-15 **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15**
Bakgrunn
Innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15 er utsendt på førehand.
Vedtak
Alpinkomiteen godkjenner innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15.

Sak 14 13-15 **Terminlista 2014**
Bakgrunn
Komiteen summerte opp gjennomførte alpinarrangement og samlingar pr. 17.02.2014.
Med bakgrunn i rådande snøsituasjon fremma leiar og adm. sjef forslag om utarbeiding av «ny» terminliste ut sesongen 2014.
Vedtak
Komiteen gjer vedtak om følgjande terminliste ut sesongen 2014;

- 01. mars;
Frydenbø Cup SL/Førde IL

- 02. mars;
Frydenbø Cup SL/Førde IL (alt. SSL dersom tilhøva tillet det)
- 07.-09. mars;
Fjord1 Meisterskapssamling/Kjus Rennskule (Harpefossen, alt. Hafjell)
- 21. mars;
Fjord1 Fartssamling /Jølster IL (frå kl. 16.00)
- 22. mars;
Frydenbø KM Super G / Jølster IL.
Fjord1 samling SL, ettermiddag.
- 23. mars;
Frydenbø KM Super Combi / Jølster IL
- 29. mars;
Grotlireнна / Stryn T&IL
Frydenbø KM Utfør, Grotlireнна / Stryn T&IL
- 12. april;
Fjord1 Finale / Haugen IL
- 17. april;
Even Hole Cup / Breimsbygda IL
- Arrangørar som har skiforhold gjennomfører Fjord1-renn onsdag (ut sesongen 2014).

Sak 15 13-15

Handsaming av puljedelingar i samband med HL 2014 og LF 2014

Bakgrunn

Hovedlandsrennet (HL) og Landsfinalen (LF) i alpint skal avviklast høvesvis på Oppdal 13.-16. mars og Hafjell 03.-06. april.

Lilly Schøyen og Martin Hopland presenterte førebelse kvalifiseringstabellar til arrangementa.

Sidan det er fri påmelding til HL og LF skal ein vere merksam på at kvalifiseringstabellane er uoffisielle, og kun dannar eit visst grunnlag m.o.t. puljedelingar.

Det blir elles fremma forslag om at utøvarar som har delteke på alpinarrangement utanfor Sogn og Fjordane ikkje skal «diskvalifiserast» i puljeoppsettet, når desse renna har kolliderert med lokale kvalifiseringsrenn.

Vedtak

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer samstundes vedtak om at utøvarar som har delteke på alpinarrangement utanfor Sogn og

Fjordane ikkje skal «diskvalifiserast» (ved oppsett av puljedelingar) når desse renna har kollidert med lokale kvalifiseringsrenn.

Sak 16 13-15

Prinsipp ved tildeling av arrangement 2014-2015

Bakgrunn

Med bakgrunn i at mange alpinarrangement har blitt flytta denne sesongen (grunna dårlege snøtilhøve mange stader i fylket) blir det fremma forslag om at komiteen bør vurdere kva prinsipp som skal gjelde ved tildeling av krinsmeisterskap og Fjord1 Finale sesongen 2014-2015.

Vedtak

Komiteen gjer følgjande vedtak i saka.

Dersom krinsmeisterskapen og/eller Fjord1 Finale ikkje vert gjennomført i laget som har fått tildelt renna, vert klubben tildelt same arrangementet kommande sesong. Dette med referanse til tidl. praksis.

Sak 17 13-15

Status markedsarbeid

Bakgrunn

Økonomi- og markedsansvarleg orienterte saman med adm. sjef om status vedr. komiteen sitt markedsarbeid;

| Verksemd | Grein | Varigheit | Går ut |
|-----------------|--------------|------------------|---------------|
| COOP Vest SA | Alpint | 4 år | 2016 |
| Fjord1 | Alpint | 3 år | 2015 |
| Frydenbø AS | Alpint | 3 år | 2014 |

Vedtak

Komiteen tek saka til orientering, og gjer samstundes vedtak om at det skal gjennomførast møte med Frydenbø Bilsenter innan utgangen av april.

I tillegg skal ein følgje opp dei andre samarbeidspartane ihht. avtale.

Komiteen presiserar at ein må komme i gang med Fjord1 arrangementa i alle delar fylket så snart tilhøva tillet det.

Det skal også gjennomførast samtalar med Sparebanken Sogn og Fjordane.

Sak 18 13-15

Rekneskap pr. 31.12.2013

Bakgrunn

Rekneskap pr. 31.12.2013 er utsendt på førehand.

Adm. la fram rekneskapen pr. 31.12.2013



Vedtak

Alpinkomiteen godkjenner rekneskapen pr. 31.12.2013.

Alpinkomiteen gjer vidare vedtak om å setje av kr. 30 000,- frå 2013 til 2014.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins, AK

Lilly Schøyen (s)
Leiar

Ref.

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef